



Mars 2013

## Pressemelding

### Legemiddelforbruk og naturmedisin – tid for nytenking?

Apotekforeningen har på si web-side presentert ein artikkel om legemiddelforbruket i Norge i 2012. Artikkelen slår fast at det i nemnde år blei omsett legemidlar for 18,6 milliardar, ein auke på 3,3 % frå 2011. Reseptpliktige midlar forordna av legar utgjer 88,4 % av samla omsetning. Totalt omsette apoteka for 24,7 milliardar kroner i 2012, noko som tilsvarar kr. 3.654 pr. innbyggjar.

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon (NNH) erkjenner at god helse er avhengig av mange faktorar. Sidan me alle er individuelle skapningar og responderer ulikt på ulike forhold, er det difor viktig å ha eit mangfald i det terapeutiske feltet. Livsviktige legemidlar i samband med alvorlege eller akutte sjukdomar er ein del av dette mangfaldet som alle burde vera glade for at me har tilgang til.

Når det gjeld kroniske sjukdomar av mindre alvorleg karakter, meiner NNH at både den einskilde og samfunnet som heilskap ville vera tent med å vurdere andre tiltak enn biokjemiske legemidlar. Det bør framover brukast langt større ressursar for å dokumentera effekten av ulike behandlingsmetodar ved same sjukdom/diagnose – her inkludert metodar innan den naturmedisinske tradisjonen som både omhandlar behandling og førebyggjande tiltak.

NNH er uroa av kva verknad eit slikt høgt legemiddelforbruk vil ha for den einskilde med omsyn til biverknadar/resistens og for miljøet. Det er etter kvart blitt meir merksemd kring legemidlar sitt omfang i sjø/drikkevatt og kva verknad dette har på menneske og anna liv.

**Kontakt:** For ytterlegare kommentar, kontakt NNHs leiar John Petter Lindeland, 94890152/  
jplindeland@gmail.com